

Partsbrev PS 54/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Utvalseiar Inge Reidar Kallevåg meldte ei sak til eventuelt gjeldande problemstillingar kring bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune og problemstillingar knytt til sakshandsaming i kommunen og hjå Fylkesmannen.

Utvalseiar sender over dokumentasjon til sekretariatet etter møtet.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vil invitere rådmannen inn til neste møte i utvalet for å orientere om kommunen og Fylkesmannen si sakshandsaming kring problemstillingar knytt til bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vil invitere rådmannen inn til neste møte i utvalet for å orientere om kommunen og Fylkesmannen si sakshandsaming kring problemstillingar knytt til bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune.

Påskrift frå sekretariatet:

Ber om attendemelding frå rådmannen om han kan koma i kontrollutvalet sitt møte den 11.02.2015 for å orientera i saka. Møtestart er sett til kl. 10.00 og saka vert sett opp først i møtet.